

Silje Smådal og Kennet Innvær

Heltveitvegen 35

5993 OSTEREIDET

050918

Innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel for Lindås Kommune.

Gjeld Gnr 234 Bnr 11 Heltveitvegen 35 5993 Ostereidet. Eigar Silje Smådal og Kennet Innvær. Tlf til Silje 94302152 epost adresse til Kennet er kennetinnvaer@gmail.com.

Ber om at kommunen ved revisjon av kommuneplanens arealdel endrer det området på min eigedom, som er merka på vedlagt kart, frå LNF og til naustområde.

Dette området består i dag av nokre naust og store deler av området er utplanert og brukt som parkeringsplass for div maskiner og utstyr, samt som opplagsplass for nokre båter.

Området er ikkje egna som LNF område. Heile den utplanerte flaten er grusa og terrenget på resten av det omsøkte område skrår kraftig ned mot sjøen. Området blir derfor ikkje slått og er ikkje egna som beite for større dyr. Området har heller ikkje kjente naturverdier.

Området det gjeld har eit areal på ca 2 mål.

Det utplanerte område blei utplanert av tidlegare eigar av garden, i begynnelsen av 1980, og det var på den tid planar om nye naust med utbedra kjøreveg til sjø. I og med at deler av området i dag er ferdig planert vil planane ikkje gje endring av eksisterande terrengr.

Vi ønskjer å realisere tidligare planer om vinterlagring av båter, samt å etablere ein kaifront mot sjøen. Tanken er at vinterlagring av båter, inkl service og vedlikehald, kan gje ei ekstra inntekt til garden. Garden treng å utvida næringsgrunnlaget.